




Reinheimen
nasjonalpark

Forvaltningsplan for Reinheimen - balansen mellom bruk og vern

Lom 23.05.23, *Kristine Sørлие*





Reinheimenområdet:

Reinheimen nasjonalpark

Oppretta kong.res. 2006

3. største NP i landet, med areal: **1.969 km²**

Landskapsvernområde:

Finndalen, Ottadalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen, Tafjorden-Reindalen

Naturreservat:

Brettingsmoen, Vermedalen, Slettsvaet, Muldalslia, Einstullie

Arealet for alle verneområda er ca. **2.600 km²**

Areal i kommunane:

Lom, Skjåk, Vågå, Lesja, Rauma, Fjord

Fylker: Innlandet og Møre og Romsdal

Reinheimen utgjør den nordlege delen av Reinheimen-Breheimen villreinområde, med vinterstamme er på ca. 2000 dyr.

Med intakte funksjonsområder for trekk og beite, har villrein sitt leveområde i alle verneområda i Reinheimen området.



Verneformålet

Verneforskrift § 2:

Villrein - sentralt verneformål i alle verneområda i Reinheimenområdet, der hovudformålet med vernet er å ta vare på villreinen sine leveområde mm...



Verneformålet

Verneforskrift § 2:

**Stort samanhengande
villmarksprega område**
– storleiken på området er ein
verdi i seg sjølv



Verneformålet

Verneforskrift § 2:

Kulturlandskapet

- viktig for biologisk mangfold, oppleving av landskapet knytt til bruk, ressurs for landbruket
- vern gjennom bruk og skjøtsel



Verktøy for å styre ferdsel og aktivitet:

§ **Naturmangfoldloven** - kunnskapsbasert, føre-var-prinsippet, omsynsskrav

§ 48 - dispensasjon fra vernevedtak, unntak

§ 49 – vektleggje verneverdiar ved disp. til tiltak utanfor verneområde som kan føre til skade innafor

§ **Verneforskrifter** – vernereglar, restriksjonsnivå og omsynsskrav

Forvaltningsplanar – presisering av verneforskriftene, utfyllande retningslinjer for korleis vernereglane skal tolkast og praktiserast

Skjøtselsplanar -oppretthalde kvalitetane i kulturlandskapet og restaurere areal som har fått redusert kvalitet.

Besøksstrategier - plan for tiltak som er nødvendig for å balansere verneverdiar, besøkande og lokal verdiskaping i verneområde, slik at ein oppnår størst mogleg nytte for alle interessene.



Kva er ein Forvaltningsplan?


Brukerveiledning (Miljødirektoratet):

«En forvaltningsplan er en praktisk veileder som skal bidra til beslutninger og bruk som sikrer vernet.»

Innenfor rammen av verneforskriften kan planen gi retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel, tilrettelegging mv., samt mål og tiltak for å ivareta verneverdiene.»

Veileder (Miljødirektoratet):

«Forvaltningsplan skal være presise og kortfatta, slik at forvaltningsplanen blir et kortfatta verktøy i forvaltning av verneområdet»



Bakgrunn - Forvaltningsplan

Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark §5:

§5. Forvaltningsplan

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon, oppsyn mv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.

Vedtekter for nasjonalparkstyret, pkt. 8.1

8.1 Forvaltningsplan

Styret skal utarbeide/revidere forvaltningsplan for verneområda. Oppstart av planarbeidet bør skje i dialog med Miljødirektoratet. Forvaltningsplanen skal utarbeidast innafor ramma av naturmangfaldlova og verneforskriftene. Forvaltningsplanen skal konkretisere korleis ein kan nå føremålet med vernet, og skal innehalde ein fleirårig tiltaksplan og ein besøksstrategi. Utkast til forvaltningsplan skal sendast til direktoratet for fagleg gjennomgang før høyring. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.



Forvaltningsplan for Reinheimen

- Utarbeidd i 2 faser – 2004 (før vernet) og 2006 (etter oppretting av verneområdet)
- Omfattende prosess i 6 kommunar, fylke, DN
- Godkjent av DN 14.12.2009
- Godt styringsdokument
- Utdyper reglene i verneforskriftene
- Konkrete retningslinjer for forvaltning og bruk
- Tek omsyn til likebehandling i saker av lik karakter
- Tek høgde for lokale forhold, og gir lik forvaltningspraksis i områda
- Tematisk inndeling



Forvaltningsplan for Reinheimen med følgende delar

Reinheimen nasjonalpark
Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde
Trollstigen landskapsvernområde
Romsdalen landskapsvernområde
Lordalen landskapsvernområde
Finndalen landskapsvernområde
Ottadalen landskapsvernområde



Kva blir regulert i forvaltningsplan?

Landbruk (jordbruk, sætervollar og skogbruk)

Bygningar mm

Friluftsliv

Reiseliv

Jakt og fiske

Motorferdsel

Kulturminne

Biologisk mangfald / verdifulle naturtypar

Forureining

Vitskaplege undersøkingar og undervisning

Vegar, køyrespor og masseuttak (LVO)

Vatningsanlegg i fjellet (Ottadalen LVO)

Kraftanlegg (Finndalen, Romsdalen, Ottadalen, Trollstigen LVO)




Forvaltningsplan for Reinheimen med følgjande delar

Reinheimen nasjonalpark
Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde
Trollstigen landskapsvernområde
Romsdalen landskapsvernområde
Lordalen landskapsvernområde
Finndalen landskapsvernområde
Ottadalen landskapsvernområde



Temakart

- Merka turstiger sommar, vinter (DNT, lokale råk og ferdselsveger)
- Køyrespor barmark
- Turisthytter, DNT/fjellstyre/Skjåk Alm./Beitebu
- Trasear for organisert bruk av hest, sykkel og hundespenn
- Køyretrasear med snøscooter, leiekøyring
- Masseuttak
- Oppstillingsplass camping



Hva er lov – hva er ikke lov?

Alle inngrep/tiltak er i utgangspunktet søknadspliktige.

Ta kontakt med forvaltninga før du har planlagt/gjort for mye

Avklar med grunneier

Ta kontakt med forvaltningsmyndigheten, selv om det ikke er direkte søknadsplikt!



Turisthytter, DNT, fjellstyrehytter, Skjåk Alm. Beitebu

- Nye bygg tillatast ikkje oppført (§ 3, pkt. 1.1)
- DNT sine hytter og rutenett kan drivast vidare som i dag (vernetidspkt.), men ikkje opne for å utvide overnattingskapasitet eller bygge nye hytter
- Heimel for vanleg bygningsmessig vedlikehald av eksisterande bygg. Vedlikehaldet skal byggje på den utforminga som bygget har.
- Etter søknad kan ombygging av eksisterande bygg normalt tillatast.
- Det skal normalt ikkje godkjennast utviding av eksisterande bygg.
- Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til oppføring av fellesbuer ved særleg behov i område med organisert beitebruk i regi av beitelag
- Etter søknad er garnkasser tillate sett opp i Skjåk allmenning. Det gjeld følgjande reglar for utforming og bruk...



Merka turstiger sommar, vinter


— vedlikehald og tilrettelegging §3, pkt. 1.2
b, 1.3. d og f.

- Ikkje ønskeleg med omfattande tilrettelegging for friluftsliv
- Tilrettelegging bør samlast i randsoner med eksisterande tilrettelegging
- Direkte heimel for vedlikehald av eksisterande stigar, varding, bruer og klopper
- Kan gjevast løyve til bygging av bruer og klopper
- Ikkje tilrettelegging for ferdsel som kan kome i konflikt med viktige viltområde, hekkeområde fugl og leveområde for villrein



Organisert ferdsel og ferdselsformer som er til skade § 3, pkt 5.2, 5.3.


- All ferdsel skal skje med omsyn til landskap og naturmiljø.
- Med direkte heimel i verneforskrifta er det tillate med organisert turverksemd til fots når dette ikkje er til skade for naturmiljøet.
- Det er søknadsplikt for anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet.
- Guiding på villrein (utanom jaktguiding) vil direkte påverke villreinen sin bruk av leveområde og vere til skade for villreinen og er ikkje tillate.



I dag er ferdsla i området begrensa, slik at organisert ferdsel generelt ikkje er eit trugsmål for naturmiljøet. Organisert ferdsel som ikkje skadar naturmiljøet er derfor ikkje søknadspliktig, men utviklinga må følgjast nøye slik at ferdsla ikkje blir til skade for verneformålet.

Trasear for organisert bruk av hest, sykkel og hundespenn (§ 3, pkt. 5.3)

Traséar for sykling og organisert bruk av hundespenn kan ikkje einast med målet om å ta vare på villreinen sitt leveområde. Det blir ikkje opna slike traséar i nasjonalparken.



Regulering av ferdsel § 3, pkt 5.4, omlegging av stiar, pkt. 5.5

- Miljødirektoratet kan *regulere eller forby ferdsel som kan være til skade for naturmiljøet, jf. § 3 pkt. 5.4*
- Regelen i pkt. 5.4 åpner opp for at det kan gjevast særskilde reglar og ferdsel evt. andre aktivitetar, men...
- Særskilde ferdselsreglar krev eigen forskrift eller endring av den aktuelle verneforskrift – d.v.s. vedtak av Kongen i statsråd! Omfattande prosess.
- Lovendringa i Nml § 34 i 2013, opnar for delegering til miljødir. av mindre forskriftsendringar som *namn på verneområdet, retting av feil, mindre grenseendringar*. Men ikkje ferdselsregulering.



Telting § 3, pkt 5.6.

- Retningslinene gjeld ikkje for bruk av vandretelt.
- Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til telting utover ei veke på same stad. Løyvet skal avgrensast, t.d. til jakttida for villrein, fiske- eller beitesesongen, og ikkje gje ei plassering som er til ulempe for verneverdiane og andre brukarar.

Vilkår:

Telta må ikkje plasserast i faste villreintrekk.

Telta må plasserast lågt i terrenget og trekkast attende inn under ei stigning i terrenget, slik at dei ikkje kjem i silhuett mot horisonten.

Etter bruk skal teltplassen ryddast, all søppel skal fraktast ut av nasjonalparken og plassen førast mest mogleg attende til slik den var før teltinga fann stad.

- Løyvet til telting skal i fyrste omgang berre gjevast for eitt år for å kunne følgje med i konsekvensane av bruken.



§ Friluftslova gir også plikter!

§ 2.(Ferdse i utmark.)

I utmark kan enhver ferdes til fots hele året, når det skjer hensynsfullt og med tilbørlig varsomhet.

Det samme gjelder ferdsel med ride- eller kløvhest, kjelke, tråsykkel eller liknende på veg eller sti i utmark og over alt i utmark på fjellet, såfremt ikke kommunen med samtykke av eieren eller brukeren har forbudt slik ferdsel på nærmere angitte strekninger.



Besøksforvaltning

Å leggje til rette og styre bruken av verneområde, slik at

- opplevinga for besøkjande og den lokale verdiskapinga blir størst mogleg.
- dei lokale brukarinteressene blir teke omsyn til.
- aksept for vernet aukar.
- verneverdiane blir teke vare på.





Overordna prinsipp

Dersom det er motstridende målsettinger mellom ivaretagelse av verneverdiene, tilrettelegging for de besøkende og lokal verdiskaping, skal ivaretagelse av verneverdiene tillegges størst vekt.
(Veileder s. 7)





Besøksstrategi

Verneområda i Reinheimen

Innhold i besøksstrategiene

- verneverdier
- beskrivelse av nåværende situasjon knyttet til bruk
- strategiske grep
- Kanalisering
- Formidling/informasjon
- Samarbeid med aktuelle aktører
- tiltaksliste




- Plan for korleis nasjonalparkstyret vil handtere besøksforvaltning for verneområdet.
- Utarbeidd av Nasjonalparkstyret 2017-2019
- Godkjent av miljødirektoratet 18.12.2019
- Gjennomføring og årleg tiltaksliste
- Vedlegg til forvaltningsplan

Overordna strategi

Reinheimen er attraksjonen –
verdiskapinga skal skje utanfor





Kartet gir eit visuelt bilete av besøksstrategien, med dei viktigaste knutepunkta i randsona

6 hovudinnfallsportar,
10 informasjonspunkt langs veg,
13 mindre informasjonspunkt

Reinheimen er eit to-delt område når det gjeld besøk/bruk (jf. besøksundersøking 2011)

Ny brukerundersøking i 2022 - følgjer for forvaltninga?

Velkommen inn

...eller

Velkommen hit





Reinheimen
nasjonalpark

Velkommen inn



Kanaliserer ferdsel til
randsoner



Balanse mellom bruk og vern

<https://www.facebook.com/Reinheimennasjonalpark/videos/495556321728800>

§ 5. (Restriksjoner)

Ha kjennskap til Bestemor sine rutiner og unngå besøk i perioder avsatt til ettermiddagslurer eller generell hvile.

Vis særlig hensyn til den delen av døgnet/året hvor Bestemor skal på på salsa/tangokurs med jevnaldrende



Reinheimen
Nasjonalpark

Korleis har det gått?

- Utvikling i området?
- Motorferdsel
- Byggesaker
- Klagesaker og presedens
- Manglar i forvaltningsplan
- Nye aktivitetar og ferdseisformer som ikkje var aktuelle ved vernetidspunktet, som drone og el-sykler.
- Kunnskapsgrunnlaget – ny kvalitetsnorm, brukarundersøkingar



| Type saker | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|--|------------|------------|-----------|-----------|-----------|------|------|------------|
| Administrative saker/generelle vedtak | 18 | 29 | 24 | 22 | 23 | 24 | 24 | 30 |
| Vedtak om motorferdsel, inkl. drone | 72 | 72 | 43 | 38 | 32 | 48 | 84 | 47 |
| Vedtak om tilrettelegging (bygg, anlegg, bru, inngjerding, stiar o.l.) | 16 | 15 | 11 | 14 | 10 | 14 | 12 | 11 |
| Vedtak om plassering båtar, lavvo, garnkasse | 3 | 3 | 2 | 4 | 2 | 3 | 1 | 2 |
| Vedtak om arrangement, ferdsl | 1 | | | 3 | 2 | 3 | 0 | 2 |
| Generelle uttaler | 3 | | | | | 1 | 0 | 0 |
| Vedtak om plan og planarbeid | 2 | | 1 | 2 | | 1 | 5 | 3 |
| Vedtak om økonomi | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 | 4 |
| Klagebehandling | 1 | | 1 | 4 | 2 | 0 | 6 | 2 |
| Andre tiltak, merkeordning | 3 | 7 | 6 | 1 | 4 | 2 | 8 | 7 |
| Sum | 121 | 128 | 90 | 90 | 76 | 98 | 142 | 108 |

Garnkasser i Skjåk Almenning

- Behov for opprydding
- Gamle ubrukte kasser utan eigar
- Opprydding og søppelproblem
- Behov utover Skjåk Almenning? T.d. Rååvatnet
- Skal registrerast hos forvaltningsstyresmakta som skal føre kartotek over plassering, jf.fvp



Plassering av båtar og garnkasser

- Opprydding, søppelproblem
- Lite oversikt over eksisterande båtar
- Utarbeid retningsliner for enkelt vatn, jf. fvp s. 46
- tidsavgrensing ved plassering av nye båtar?
- Eks.
sak 2021/10610 (Jotunheimen)



Motorferdseil

- Stort saksomfang
- Leigekøyringsordning, digital rapportering (Ferdast)
- Generell regel om frist innan 20.april, ev. 3 påskedag om den er seinare – vurdere å differensiere køyrefristar
- Fleirårig løyve for motorbåt i samband med garnfiske



Drone

- Droneflyging er forbode i Reinheimen etter § 3 pkt. 7.2.
- Relativt ny sakstype (Mnl §48)
- Godt hjelpemiddel knytt til overvaking, tilsyn og kartlegging
- Retningslinjer for behandling av saker: [Saksprotokoll-2018-4499.pdf](https://www.nasjonalparkstyre.no/Saksprotokoll-2018-4499.pdf) ([nasjonalparkstyre.no](https://www.nasjonalparkstyre.no))
- Info på nettsida til styret: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/nyheter/buk-av-drone-i-reinheimen>



Organisert ferdsel

- Org. Ferdsel er tillate til fots når det ikkje er til skade for naturmiljøet, jf. §3, pkt. 5.2, 5.3
- Innspel frå Reinheimen-Breheimen villreinutval
- Dialog DNT – Gudbrandsdalen om tur i villreinfjellet jf. sak 2022/2084
- Guiding på beitedyr frå Lordalen
- Nye konsept – eks. *Taffjordfjella Haute Route*

500fjell
26. april · 🌐

TAFJORDFJELLA HAUTE ROUTE

De siste ukene har jeg vært heldig og hatt med meg to grupper gjennom en egenkomponert høgrute i de fantastiske Tafjordfjella. Et eventyr fra østland til vestland, fra hytte til hytte, over de høyeste fjelltoppene, fra pudder til sløsj over fire dager. 🧡

Dag 1: Grotli-Krosshøe-Tordsnose-Veltdalshytta

Dag 2: Veltdalshytta-Karitinden-Karihøa-Pyttbua

Dag 3: Pyttbua-Putteggga-Høgstolen-Reindalseter

Dag 4: Reindalseter-Breinausa-Muldalsvika

Takk for turen! ❤️

[Nortind - Norske Tindeveglere](#)

[Fjellevntyret](#)

[Visit Jotunheimen](#)

[Vertical Playground](#)

[Salewa](#)

[Dynafit](#)



Byggesaker

- I samsvar med tradisjonell byggeskikk i området?
- Byggeskikkveileder
- Solcelle, flaggstong, vindmølle, platting, gjerde, uthus
- Bygningsverdi i seterlandskap
- Bygningar i høgfjell



Klagesaker, presedens


- Vindmølle
- Jaktbu
- Plattingar – Finndalen, Lordalen Ivo
- Garnkasse utanfor Skjåk Alm.
- Utedo i Ottadalen Ivo



Kvifor revidere forvaltningsplan?

- Miljødirektoratet tilrår revisjon etter 10 år
- Endra bruk av verneområda siste 10 år
- Endra kunnskapsgrunnlag,
- t.d. ny kvalitetsnorm for villrein,
brukarundersøkelse 2022 (NINA rapport 2023)
- **Besøksforvaltning** skal være eiga tema i forvaltningsplanane
- Behovet for informasjon har auka, og kommunikasjon skjer på fleire plattformer
- Metodane har endra seg til digital nettløsning - «*Forvaltningsplan på nett*»
- Mange kartvedlegg, som er framstilt uten bruk av nye digitale GIS-verktøy





Brøstdalen - Reindalen

Lordalen

Dovrefjell

Grotli - Breiddalen

Slådalen

Strynefjellet - Tystigen

Framrusti

Aursjø-området

Honnsjøen/Liafjellet
Lom

Stryn

Sota sæter

Lomseggen

Otta

Sognefjellet

Forhold som er viktig ved revisjon...

- Fastsette bevaringsmål og status for verneverdiane knytt til: leveområde villrein, urørtheit, økosystem /biologisk mangfald, landskap, naturtyper, kulturminne
- Eintydige retningslinjer for byggesaker
- Lik praksis knytt til plassering av båtar, garnkasser mm.
- Vurdering av løyper og turstigar
- Aukande press på turisme og ferdsel i villrein fjellet?
- Ny kunnskap – kvalitetsnorm, brukerundersøkelser 2022
- Skjøtsel og bruk av seterlandskapet i endring
- Lik praksis knytt til dispensasjon for motorferdsel
- Droner
- ...



Prosess

- Nasjonalparkstyret setter i gang arbeidet, **08.11.22, styresak 49/2022**
- Prosjektplan – sikre god framdrift, styret vedtek prosjektplan, sendast på høyring til partane
- Melding om oppstart med utgangspunkt i godkjent prosjektplan **15.02.23, styresak 9/2023**
- Høyringsfrist: **1.september 2023**
- Forankre prosessen lokalt – møter med kommunar, regionale instansar, grunneigarar/rettigheitshavare og brukargrupper
- Dialogmøte med partar, som næringsliv, lag og organisasjonar, med interesser verneområdet.
- Aktuelt å opprette ulike ad-hoc faggrupper.
- Utarbeide plan – høyring – vurdere innspel – og justere plan – oversende plan til miljødirektoratet for endeleg godkjenning



Prosjektplan på høyring – frist 1.sept. 2023 !

- ❖ Skal sikre god framdrift
- ❖ Bakgrunn, rammer og formål
- ❖ Organisering og roller til aktørane
- ❖ Plan for framdrift med møtefrekvens og informasjonsflyt
- ❖ Ønskjer innspel til:
 - problemstillingar knytt til forvaltning av verneområda
 - kunnskapsgrunnlaget
 - besøksforvaltning
 - informasjonstiltak
 - skjøtsel og tiltak





Reinheimen
nasjonalpark



Velkommen inn, men på naturen og verneverdiane sine premisser

§ 6. (Toalettbesøk)

Om mulig unngå i sin helhet å måtte gå på toalett mens du er på besøk hos Bestemor, men dersom du er helt nødt, sørg for å gjøre ditt nødvendige på anvist sted og på en slik måte at det ikke er til sjenanse for andre som kommer etter deg.



**Reinheimen
Nasjonalpark**

Det som gjelder hos Bestemor, gjelder hos oss.

